Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lauving

Oppskr. av: Ola Råd

(adresse): Breim

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Breim

Bygdelag: Reed krins

Gard: Råd

G.nr. 37 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Like til dei aller siste åra har det vore vanleg å lauva. Men etter 1945 har det vorte så lita arbeidshjelp på gardane at det har vorte lita tid til lauving. Dessutan er arbeidshjelpa så kostbar at det löner seg ikkje å lauva.
Til vanleg har ein på dei fleste gardane rekna lauv (helst kjervalauv) for åvisst for. Under siste krig vart det vanleg å lauva.

2. Det var (og er) helst etter slåtten ein tok til med lauving, og så varde det framover hausten når ein hadde tid og stunder og veret var lagleg.
Det måtte vera opphaldsver.
Ein bruka både lauv av björk, rogn alm, selje og ov. (Ask og eik veks her ikkje. Arbeidet kalla ein lauing.
(Verb: å laue - laua(?) - laua - laua)

3. Reidskapet ein bruka var lauvsigd, eller ein avbroten ljå med kort skaft som på ein vanleg sigd.
Noko reidskap til å böya kvistane har ein ikkje bruka.

2109

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ikkje ask og eikelauv vart rispa, men alm og selje. Ein bruka ikkje noko til å verna handa.

4. Når ein lauva björk og or så var og er det av tre eller sunnar ein hög med. Anten var det tre (björk) ein hadde teke bork og never av på föresumaren, eller ein skulle tynne ut björkeskogen der den stod for tett, ja stundom hogg ein all laurskogen på eit stykke för å få betre slåttemark eller beite. På rogn, alm, selje og stundom osp hogg ein greinene av medan treet stod på rot. På rogn og osp hogg ein helst av berre passeleg greiner til kjerving. Men alm og selje vart stuva omlag 2 til 3 m over marka, helst noko ovanfor der dei greina seg ut. Dette kalla ein å nava, og stuven som stod at ein nave. (Ei gamal gåte; til dömes: „Da sat ein mann oppi ein nave leitte ette da han ikkje ville have. Da han fann kasta 'an vekk, og da h'an ikkje fann tok 'an me sag." Svar: Han löska seg.)

Almen bruka ein å rispa alle åra utan fyrste året etter den var nava (nedstuva), og sameleis med selja.

Almstuvar var för verdifulle, då dei kunne få både godt lauv og godt skav av dei. Det var alltid om varen dei vart nava, når borken var losna så ein kunne flekkja skavet av. Det vart rekna for eit godt tunnende til

2109
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

når ein hadde rikeleg almstuvar ståande i stranda eller ūtmarka.

5. Rispalauv hadde ein i sekker og tok det med heim. Der vart det anten kverva på bakken, eller om veret var utrygt inne på låven eller hjellen. Kjervalaūv vert jamnast turka inne i lada, utlader eller naūst. Ein reiser det då opp etter vegger eller andre ting med stølken ned. Når det har ståde slik cà 14 dagar er det turt og vert då lagd i lad langs vegg eller oppe på höystålet. Er det godberstolkar og trygt ver turkar ein det og ūte. Men kjem det regn på halvturt laūv reknast det for utskjemt. Lauvstakkar har ein ikkje brukt her i bygda.

Lauvkjerva vart talde i vanleg hundre og tūsen. Sūrlaūv bruka ein ikkje

6. Når ein lauva på heimeböane eller nær ved tuna, vart lauet köyrt heim med same. Vår det i stranda eller i ūtmarka la ein det inn i utmarklade, naust eller på hjellen i sumarfjöset, og köyrde det heim på vinterföret etter kvart ein hadde bruk for det. Lauvdūgnad er ikkje kjendt her

7. Ja, ein laūar både i inn-og ūtmark. Karane högg ned tre, kvistar og högg av greiner, og kvinne bind saman i kjerv.

8. Sjå sp.5. Sauer og geiter får det meste

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2109

av kjervalauet (bjørk, rogn og selje). Ein gjev dei gjerne ein gong om dagen og eit halvt kjerv på kvart dyr. Kyrne får lau til attåtfor, helst rogn- og seljelauv, og til vanleg 1 kjerv pr. dag. Almlauv og orelauv vert brukt til grisene.

9. Almlauv er best, men rognelauv helst om der er bar med, er og halde for framifrå for.

10. Ja ein samlar almlauv om hausten (rispa) og har det til grisefor frametter vinteren.

11 Fellesslauving (samlauving) har ikkje vore brukt i Breim

12. Fell bort

13, 14 og 15 sameleis.

B Rakalauv.

1. Lauv som fall av trea om hausten raka ein saman om våren, og det kalla vi rakalauv.

2. Det er helst bjørk- og orelauv.

3. Ein brukar ei vanleg høyrive (ikkje hesterive). Det var på skrapeslått-teigane på heimeböane ein råka lauv. Dette lauvet vart ikkje brukt til fôr, men til sorp eller underbreidsle (strö) i kalve- og grisegarane (bingane). Dessutan måtte dette bæret saman med småkvist rydjast bort av slåttemarka. Arbeide kallast å rydja eller som vi seir å ryje

2109
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4. Var det käyrande bort til lauvdungane brüka ein häyvogn eller häysløde og leste det på. Var terrengt vanskelegare bar ein det i sekker eller fengja det saman og la det i vanleg böratog og bar det på ryggen anten til ei markalöe eller og heim i sorpskyle heime på garden.
5. Det var alltid kvinnene som rydde (raka lau), men karane måtte få det heim.
6. I sorpskylet, og brukt til strö.
7. Vedfaldslauv har vi ikkje bruka til fôr
8 og 9 fell bort.

No er skrapeslåtten på heimeböane omlaga til kulturbeite. Skogen er borthoggen og rakalauv er sjeldan ein har tid å samla.

2109

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING